

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: måndag 25. oktober 2021 kl. 13.00-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap) Scott Rettberg (digital kultur), Agnete Nesse (nordisk språk), Jørgen Sejersted (nordisk litteratur), Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norsk kursa), Marthe Grønsveen (lektorutdanninga), Per Olav Folgerø (kunsthistorie), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant), Sofie Bernsen Natås (studentrepresentant)

Meldt forfall: Frode Helmich Pedersen, Ragnhild Anderson

Saksliste

UUI-sak 12/21: Godkjenning av innkalling og saksliste	1
UUI-sak 13/21: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar	1
Orienteringssak 3: Studiekvalitet	3
Orienteringssak 4: Bestillingar til programstyra frå instituttleiinga	4
UUI-sak: 14/21 Drøftingssaker	4
Drøftingssak 1: Ulike problemstillingar knytte til masterstudiet	4
Drøftingssak 2: Prinsipp for fordeling av undervisningsassistentar	4
UUI-sak 15/21: Ymist	5

UUI-sak 12/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 13/21: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte (vedlagt)

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk to minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Peter: Det går bra. I førre veke hadde vi prøveforelesing og intervju for tilsetjing. Vi held på med femårsevalueringa av studieprogramma, som vi måtte levere på nytt. Her har vi litt arbeid framfor oss. Vi har òg hatt møte med representantar frå dekanatet. Vi er i kontakt med ekstern fagfelle som skal sjå på organiseringa av faget vårt. Mitt inntrykk er at studentane er nokolunde nøgde. Det verkar å ha gå greitt med hybridundervisning. Når det gjeld seminarverksemd, er det nok mest nyttig med fysisk undervisning.

Jørgen: Vi har ikkje fått melding om nokon spesielle problem. Vi har mange studentar frå lektorutdanning ute i praksis. Det hjelper med digitalisering av undervisninga. Vi har Fjernord, og der har 90 levert førsteutkast. Alt har blitt lagt på Zoom sidan det er lite interesse for å møte fysisk. Vi har ei utlysing av eit vikariat, som har fått ei grei søkjarliste.

Sarita: Det har vore veldig godt oppmøte på fagutvalsarrangement og på forelesingar. Ein del skjer på galleri. Det er lite samhold på master på kunsthistorie, ein føler at ein ikkje kjenner alle. Førsteårsstudentane synest det er vanskeleg å kjenne samhøyrse, men det hjelper med mentorgruppene. 2. og 3.-semesterstudentane har det bra.

Arnt Robert: Det hadde vore fint med eit førstesemesteremne på 10 poeng for teater- og kushistoriestudentane. Praksis for teatervitskapsstudentane har vore vanskeleg grunna streiken. Eit emne har vore stengt for fleire studentar. Så eg fekk ikkje meldt meg opp.

Sofie: Vi har hatt ein del arrangement med fagutvalet. Det har vore bra. Det har møtt første og andreårsstudentar. Det har vore litt misnøye med zoomforelesning på eitt av fordjupingsemna. Det har vore litt merkeleg at førelesar ikkje har hatt fysisk undervisning når hen elles deltar i offentlegheita. Dette har blitt meldt tilbake.

Scott: Det går bra. Vi hadde ein litt vanskeleg start på semesteret grunna to forelesarar i utlandet. Vi fekk inn Fullbright-professoren. Og han underviser der han skal. Apollon har gått av, dette må vi tilpasse oss. Det har vore vanskeleg å planlegge undervisning sidan vi har veldig mange studentar. På master har vi veldig mange studentar, det har vore eit veldig stort hopp. På 100-nivå har vi veldig mange studentar samanlikna med tidlegare år. Vi har fysisk undervisning unntatt på DIKULT103 som er blitt undervist frå Australia. Forhåpentleg kjem Jason til Noreg i desember. Vi har prøvd å kutte ned på undervisninga til neste semester for å vere betre i balanse. Vi må tenkje over korleis vi underviser masterkurser. Og tenkjer over dette. Og ser kor vi kan spare ressursar. Vi legg inn litt grupperettleiing. Vi har same stab som for 10 år sidan, men tre gongar så mange studentar. Vi held på med femårsevalueringa. Vi har sendt inn søknad til andre runde av SFF.

Ilka: Vi har rein fysisk undervisning, utanom dei som var planlagde som reint digitale kurs. Det har vore litt fråvære utan at vi heilt forstår kvifor. Det kan vere fordi obligatorisk oppmøte ikkje har vore kravd dette semesteret. Vi har sett i gang med evalueringar på NOR-INTRO. Vi held på med to tilsetjingar som vi håpar å få på plass i januar. Vi har hatt møte i nasjonalt fagorgan for norsk som andrespråk. Særleg utfordrande med to sensorar til hausten. Vi har prøvd å lage ein plan for dette nasjonalt.

Matti: Eg har ikkje så mykje å fortelje. Livet går sin gang på klassisk. To språkfag pluss eit kurs utan språk, litteratur i omsetjing, og retorikkurset som vi held fram med å tilby sjølv om retorikk blir lagt ned. Ulik studenttilstrøyming på emna. Ønskjeleg med fleire studentar på gresk. Vi har bra med studentar på elementærkurset i latin. Før blei gresk og latin studert samtidig. Eg reklamerer ein del for gresk på latinkurset. Det ser ut til å hjelpe. Er optimistisk med tanke på dette. Det har vore litt kluss med forelesningstidene og kollisjonar, så eg har undervist noko hybrid. Eg blei dobbeltbooka som undervisar.

Per Olav: Vi er jo inne i ein omstillingsprosess med ny studieplan som skal ut i livet over nyttår. Vi har inntrykk av at det går nokolunde greitt. Leitt at førstesemesterstudentane slit med tilhøyrse. Dette

må vi sjå kva vi kan gjere med. Leitt òg at masterstudentane ikkje kjenner dei «gamle» studentane. Det er viktig å få på plass eit studentmiljø med trivsel. Elles har eg ikkje vore så synleg i undervisninga sidan eg er frikjøpt. Vi har ti studentar frå Romania som går på kurs i nevroestetikk. Dette har tatt mykje tid. Dette er eit internasjonalt forskingsprosjekt.

Agnete: Vi har ein på kvar del som har forskingsfri. Vi har fått nokre toarar. Vi har veldig mange studentar på 100-nivå. Vi ser tydeleg at masterdelen på lektorutdanninga har tatt over for det disiplinfaglege programmet. Vi strøymer ein del undervisning i tillegg, det merkar vi på regnvêrsdagar. Vi kjem til å halde fram med strøyming. Vi har ikkje bede særskilt om skuleeksamen bortsett frå på islandsk. Vi har òg snakka om å ha ei avtale med andre institusjonar for ekstern sensur, men vi kan jo ikkje lage særlege avtaler på vegner av andre si fritid.

Ulla: Undervisninga går veldig bra. Studentane er glade for fysisk undervisning. Vi har utfordringar med å planlegge neste semester. Der er vi usikre på kva vi gjer.

Marthe: Vi er på praksisbesøk heile tida, og det er kjekt. Våre er veldig glade for fysisk undervisning. Vi slit med å planlegge neste semester. Vi skal få inn ein lektor, men det blir spanande å sjå. Generelt god stemning.

Koenraad: Vi har hatt utskifting av personalet. Calle Börstell har kome i semesterstart. Det går veldig fint. Vi har mange hundre timar i underskot. Det betyr at to eller tre emne neste semester ikkje kan gå. Vi er stadig i revisjon. No har studentane ingen valmoglegheiter. Vi tilbyr ein del emne som inngår hos framandspråk og kognitiv vitskap. På nokre emne har vi 60-90 studentar, det gir utslag særleg i vurderinga. Rettleiing stel mykje av undervisningsressursane. Rettleiing på veldig lærarintensive undervisningsformer. Td. mappevurderingar.

Kommentar frå Jørgen: Når det kjem studentar frå andre fag, hjelper det mindre for studieprogramma enn ved studieprogramgjennomføringa. Dette er noko som må diskutast UiB sentralt. Basisfinansieringa må følgje studiepoenga. Kor hardt skal instituttet køyre på fakultetet for å forhindre for stort opptak?

Orienteringssak 3: Studiekvalitet

Vi har blitt bedne av fakultetet å oppdatere Studiekvalitetsbasen med manglande emneevalueringar og eigenvurderingar (emne og program). Vidare må vi sørge for at vi har ekstern fagfelle for alle studieprogramma våre, og dessutan at vi har ein vedtatt syklus for når emna våre skal evaluerast.

Vi er no komne til den tida av semesteret at emneevalueringane må bli sende ut til studentane, og informasjonen vi får inn der, skal takast med i emnerapporten. Eigenvurderingar av emne (haust 2021) og program (heile 2021) skal òg skrivast no.

Studiebarometeret har sendt ut spørjeskjema om opplevd studiekvalitet på programma. Desse skjemaa blir sende til studentar i andre og femte studieår av utdanninga. Det er viktig at vi oppmodar om å svare på desse.

Signe og Heming orienterte.

Det blei fremja eit forslag om at studiekonsulentane automatisk skal sende ut evalueringsskjema til dei emna som skal evaluerast. Det var det god stemning for. Signe sa at det burde vere noko ein i så fall bør diskutere i programstyra.

Orienteringssak 4: Bestillingar til programstyra frå instituttleiinga

Undervisningskoordinator har sendt ut bestillingar til alle programstyra, og har sett 15. desember som frist for korte tilbakemeldingar. Heming orienterte.

Fagmiljøa har den beste føresetnaden for å styre seg sjølve så lenge dei får den støtta og den informasjonen dei treng. Bestillingane er tilpassa kvart enkelt fagmiljø. Éi er lik, og det er å tilpasse undervisningstilbodet til undervisningsressursane.

Ilka: Korleis skal vi svare på bestillinga?

Heming: Kortfatta. Det er viktigare at det skjer eit arbeid enn at ein skriv ein lang rapport. Gi gjerne beskjed om de meiner vi har bomma på bestillinga.

UUI-sak: 14/21 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Ulike problemstillingar knytte til masterstudiet

1. Rettleiing av masteroppgåver og jamleg oppfølging
2. Kva gjer vi når ein kandidat stryk?

Signe og Heming innleia.

1. Det blei ein diskusjon om korleis ein skal tyde tal på timar til rettleiing i masterkontrakten. Vi har eit makstal på timar, men kva med eit minimumstal? Kva med dei som er så røynde at dei faktisk greier seg utan rettleiing. Dette er noko vi blir nøydde til å sjå nærare på, og sikre at vi kjenner til reglane for masterinnlevering.
2. Regelen for ny innlevering blir oppfatta som veldig streng, men det er denne regelen vi er nøydde til å halde oss til så lenge han finst. Det er mogleg å melde dette til fakultetsnivået, for så å la det gå linja. Det blei foreslått ei obligatorisk midtvegsevaluering for å sikre progresjon.

Drøftingssak 2: Prinsipp for fordeling av undervisningsassistentar

Timar til undervisningsassistentar har blitt fordelte på dei ulike fagmiljøa for heile 2021. Det har kome litt ulike tilbakemeldingar frå fagmiljøa kring dette, og vi ønskjer å drøfte i UUI kva som bør vere prinsipp for fordeling av undervisningsassistentar. Heming innleia.

Scott: Mange studentar må bety noko. Kan det knytast til oppmelde per kurs? Dersom vi ikkje får nok assistentar, kan det hende vi må ta opp færre studentar. Når vi har for mange studentar til å undervise og vi ikkje får undervisningsassistentar, kostar det oss meir når vi tapar inntektene.

Jørgen: Vi kan godt melde til fakultetet at vi må kutte studentar, og det vil koste fakultetet meir enn å gi oss fleire pengar til undervisningsassistentar.

Heming: Vi har fordelt etter studenttal. Men det er framleis viktig å tilpasse undervisningstilbodet til ressursane vi faktisk har. Vi kan ikkje love assistentar. Det blir bonus.

Arnt Robert: Assistentar er viktige for å kome inn i pensumet. Korleis er dette lagt inn i programma?

Agnete: Kan vi få per semester i staden for per år?

UUI-sak 15/21: Ymist

Ingen saker melde.